

Osterøy kommune
RÅDHUSET
5282 LONEVÅG

Dato: 05.07.2019
Vår ref.: 2019/13049-5
Saksbehandlar: malutk
Dykkar ref.:

Fråsegn til 1. gongs høyring og offentlig ettersyn - Frivilligpolitikk i Osterøy kommune 2019 - 2023

Vi viser til brev datert 25.06.2019 om kunngjering av 1. gongs høyring og offentlig ettersyn av frivilligpolitikk i Osterøy kommune 2019 – 2023. Dokumentet omhandlar både frivillig sektor og Osterøy kommune. Målet er gjennom dialog å identifisere korleis Osterøy kommune kan legge til rette for frivillig sektor, og sjå på oppgåver der sektorane kan utfylle kvarandre.

Vurdering og innspel

Hordaland fylkeskommune utlyste i 2015 midlar til utvikling av kommunal frivillighetspolitikk på bakgrunn av statlege føringar som mellom anna Meld.St nr.39 og Frivillighetserklæringa.

Osterøy kommune fekk midlar i 2015 til arbeidet med å utvikle ein heilskapleg og tverrsektoriell kommunal frivillighetspolitikk.

Osterøy kommune viser gjennom dette dokumentet at frivillighet er ein viktig ressurs i kommunen. Gjennom ein Frivillighetspolitikk legg Osterøy kommune til rette for eit forpliktande samarbeid mellom kommune og frivillig sektor. Dette kan utløyse viktige synergier som gode lokalmiljø som hindrar einsemd og utstøyting, og aukar livskvalitet hos innbyggjarane. Dette er viktige målsetningar i arbeidet med å redusere sosial ulikhet og auke medverknad.

Hordaland fylkeskommune ønsker lykke til med iverksetting av planen og dette viktige arbeidet.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/startpakke.

Eva Katrine R. Taule
konst. plansjef

Malene Utkilen
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Anne Mette Nesje Porten, Seksjon for næring- og lokalsamfunnsutvikling, REGIONALAVDELINGA